

**FØRESEGNER FOR MJÅTVEITSTØ, GNR 22, BNR 13 m. fl.  
MELAND KOMMUNE**

**(Plan-id 1256-2015 0005)**

***Det regulerte området er synt med grenseliner på plankart datert 13.01.2017***

**1 Areala i planområdet skal nyttast til følgjande føremål:**

<i>Byggjeområde og anlegg:</i> <i>PBL §12-5 pkt 1</i>	Frittliggjande småhusutbygging. Konsentrert småhusutbygging Leikeplass Øvrige kommunaltekniske anlegg
<i>Samferdsel og teknisk infrastruktur:</i> <i>PBL §12-5 pkt 2</i>	Køyreveg Gang- og sykkelveg Anna veggrunn – grøntareal
<i>Grønstruktur</i> <i>PBL §12-5 pkt 3</i>	Friområde
<i>Landbruks-, Natur- og Friluftsføremål:</i> <i>PBL §12-5 pkt 5</i>	LNFR-område
<i>Omsynssone</i> <i>PBL §12-6, JF PBL § 11-8, a) og d)</i>	Frisiktsone

## 2 FELLES FØRESEGNER

### 2.1 Rekkjefølgekrav

- 2.1.1 Veg o\_SKV2 med fortau o\_SGS2 skal vera ferdig opparbeid før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.1.2 Veg f\_SV1 - 3 skal vera dimensjonert og ferdig opparbeidd i samsvar med detaljplan før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.1.3 Felles leikeplass f\_BLK1 og 2 skal ferdigstilla samstundes med felt BKS1 og 2.
- ~~2.1.4 Det skal utarbeidast VA rammeplan som gjer greie for vass-/avlaupshøve og overvasshandsaming innanfor planområdet. Denne skal godkjennast av Meland kommune før det vert gjeve byggeløyve til nye bustader BKS1-4.~~
- 2.1.5 Gangveg f\_SGS3 gjennom f\_BLK1 og 2 skal utformast med ei god universell utforming. Gangvegen skal vere ferdig opparbeidd før **det vert gjeve bruksløyve** for nye bustader i planområdet.

### 2.2 Terrenghandsaming

- 2.2.1 Alle terrenгинngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Dei områda som ikkje vert bygd ut skal sikrast ei tiltalande form og handsaming. Fyllingar skal avrundast og tilpassast tilgrensande terreng og såast/plantast til.
- 2.2.2 Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Det skal ikkje setjast opp høgare murar enn 2 meter utan at dei terrasserast. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne 1,5 meter. Kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknaden av muren.
- 2.2.3 Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg nyttast på staden, til dømes til istrandsetting og tilarbeiding av terrenget. Det skal utarbeidast plan som syner kvar overskotsmasse skal deponerast før/saman søknad om rammeløyve.
- 2.2.4 Overskotsmassar frå eventuelt tidligare dyrka jord- og jordmassar som er eigna til jordbruksproduksjon skal nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende jorddeponi lokalt.
- 2.2.5 Plan for slik gjennomføring må vera på plass seinast før igangsetting av tiltak innafor BKS1-4 i planområdet.

## 2.3 Universell utforming

- 2.3.1 Det skal leggjast til rette slik at flest mogleg bustader får trinnfri tilkomst for rørslehemma. Min. 50% av bueiningar i BKS1-4 skal vere utforma som tilgjengeleg bueining. Trafikkområde og leikeplass skal vera utforma slik at alle skal kunne nytta dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesiell tilpassing eller hjelpe medel.

## 2.4 Energi

- 2.4.1 Ved utforming av nye bygg innafor planen skal det tilretteleggjast for alternativ energi. Alternativ energi er blant anna: biobrensel, varmepumper, jordvarme, bruk av solenergi.

# 3 BYGNINGAR OG ANLEGG pbl §12-5 nr 1

## 3.1 Eksisterande frittliggende eine,- og tomannsbustader, BFS1 – 4.

- 3.1.1 Det skal vere minimum  $200\text{ m}^2$  MUA pr. eine- og tomannsbustadeiningar.
- 3.1.2 Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd (kote) er vist på plankart.
- 3.1.3 BFS2 er felt for tomannsbustad og påført utnyttingsgrad i plankart gjeld for kvar einskilde tomt. Vertikaldelt tomannsbustad kan førast opp i skille, regulert tomtegrense.
- 3.1.4 Det skal vere 2 parkeringsplassar pr. bueining.

### 3.2 Konsentrert småhusutbygging, BKS1 – 4.

- 3.2.1 **BKS1** - det kan førast opp 1 seksmannsbustad på BKS1. Seksmannsbustad skal oppførast i to etasjer utan loft og kan ha parkeringskjellar. Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd er vist på plankart. Maks byggjehøgd er 10 m fra gjennomsnittleg planert terreng.
- 3.2.2 **BKS2** - det kan førast opp 1 firemannsbustad på BKS2. Firemannsbustad skal oppførast i to etasjer utan loft. Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd er vist på plankart.
- 3.2.3 **BKS3 og 4** - det kan førast opp 2 tremannsmannsbustader på BKS3 og BKS4. Tremannsbustader skal oppførast i to etasjer utan loft. Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd er vist på plankart. **I sørvestleg del av BKS4 kan det etablerast overbygg på 2,4 x 3 m for avlaupspumpestasjon. Det skal ha komplett sanitæranlegg og driftsfunksjonere i samsvar med kommunale retningslinjer.**
- 3.2.4 Det skal vere minimum 50 m<sup>2</sup> MUA pr. bustadeining.
- 3.2.5 Det skal vere 1,5 parkeringsplassar pr. bueining i område BKS1 og BKS2 og 2 parkeringsplassar pr. bueining i BKS3 og 4.
- 3.2.6 Det skal vere minimum 0,5 sykkelplassar pr. bueining i område BKS1.**
- 3.2.7 Parkeringskjellar skal ikkje reknast med i bruksareal, BRA.

### 3.3 For alle byggjeområda

- 3.3.1 Inngjerding og tilplanting skal ikkje vera sjenerande for nabobar eller ålmenn ferdsel. Ubygd areal skal gjevast ei tiltalande utforming.
- 3.3.2 Bilar skal kunne snu inne på kvar tomt.
- 3.3.3 Andre tiltak enn bygningar, til dømes planering, støttemur og liknande, kan gjennomførast/førast opp utanfor byggjegrenser.
- 3.3.4 Tiltakshavar har aktsomheits - og meldeplikt, jf. lov om kulturminne av 1976, §8, 2.ledd, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndighetene varslast om tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

### 3.4 Leikeplass, f\_BLK1 – 2.

- 3.4.1 f\_BLK1 og 2 skal nyttast til leik og fritidsaktivitet. Området skal driftast og vere felles for tilhøyrande bustader innan planområdet.
- 3.4.2 Minst eit av leikeområda skal opparbeidast med sitteplassar/benk og leikeapparat for tilfredsstille krav for nærlleikeplass i tabell, 1.6.12 i kommuneplan (KP 2015 - 2026).
- 3.4.3 Ved innsending av byggjesøknad skal det innsendast detaljert utomhusplan i målestokk 1:200 for leikeareala.
- 3.4.4 Utomhusplanen skal utformast etter prinsipp for tilgjenge for alle.

### 3.5 Øvrig kommunaltekniske anlegg, BKT1 - 2

- 3.5.1 Oppstillingsplass, BKT1, for boss og postkasser er felles for felta BKS1 – 4 og skal vera ferdig opparbeidd samtidig med køyreveg f\_SV3.

## **4 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR pbl §12-5 nr 2**

### 4.1 Veg

- 4.1.1 Veg o\_SKV1 og 2 er offentleg køyreveg.
- 4.1.2 Veg f\_SV2 er felles for busetnad innan planområdet.
- 4.1.1 Veg f\_SV3 er felles for BKS1 - 4
- 4.1.2 Veg f\_SV5 er privat tilkomstveg til BFS2 - 4.
- 4.1.3 Vegbredder er vist på plankart.

### 4.2 Gangveg

- 4.2.1 Gangveg o\_SGS2 er offentleg gangveg.
- 4.2.2 Gangveg f\_SGS3 er felles gangveg for BKS1 - 4.

### 4.3 Fortau

- 4.3.1 Fortau o\_SGS2 er offentleg fortau langs o\_SKV2.